



DEN NORSKE KYRKJA

Hareid kyrkjelyd

Helgetorsdag



Friluftsgudsteneste
på dekk av Polarstar

I SAMLING

1. Førebuing

2. Salme nr. 304: "Når heile verda syng"

[T Edvard Hoem 1993, 1996][M Henning Sommerro 1993]

GRUPPE 1 Når heile verda syng mot Gud, da gryr den nye dag.
Vi møter morgonen i lag, vi stig av søvnen ut.
Dei mørke vatna opnar seg der Herrens Ande sviv.
På Herrens ord kjem lys og liv. Halleluja, halleluja, halleluja!

2 Høyr, vatnet renn med torelud, og regnet fell og fell.
Ein foss kjem brusande frå fjell, og havsens bølger bryt.
Ein kvelving stig, der skyer driv, før andre skapingsdag
finn kveld der lange skuggar kliv. Halleluja, halleluja, halleluja!

ALLE 3 Når heile verda syng mot Gud, set nye vokstrar frø,
og kornet veks med smak av brød, og nektar renn frå sky.
Ti tusen slag ber grøde fram, no mognar frukt og bær.
Det er den tredje skapingsdag! Halleluja, halleluja, halleluja!

4 Den fjerde dag, den fjerde dag skyt lyn i mørke rom,
og soler flyt på skyers skum for Herrens andedrag.
Ein måne glid frå rand til rand, og stjerner brenn og skjelv
i kulden frå den tomme kvelv. Halleluja, halleluja, halleluja!

GRUPPE 5 Da stig det fisk der havbrot ryk, og kval med sporden slår,
og fugl på store venger fyk dit dagens grenser går.
Dei svevar over hav og jord, dei skrik og parrar seg.
Det er den femte skapingsdag! Halleluja, halleluja, halleluja!

6 Ein skugge flyktar gjennom skog, og villdyr skifter ham.
Da stig ei kvinne og ein mann i Herrens likning fram.
Og mannen leitar og finn svar i hennar andletsdrag.
Det er den sjetten skapingsdag! Halleluja, halleluja, halleluja!

ALLE 7 Og mennesket skal sjå seg sjølv blant alle skapte slag.
Og Herren ser sitt store verk og held ein kviledag.
Når mennesket er skapt på ny, stig jubelen mot sky!
Og heile verda syng mot Gud: Halleluja, halleluja, halleluja!

3. Helsing

4. Samlingsbøn

MEDLITURG Gode Gud:

Du opphøgde son din Jesus Kristus og sette han ved di høgre hand.
Her for ditt andlet bed vi: Gjev oss lyttande øyre, takksame hjarte og tenande hender, så vi kan høyra ordet ditt, lovprisa deg for di miskunn, og i ord og gjerning vitna om dine storverk.

ALLE Amen.

5. Syndsvedkjening og lovnadsord

ALLE Gud, du kjenner og elsker oss alle.

Du vil at vi skal ta vare på kvarandre og på jorda.

Vi veit at vi sviktar og gjer deg imot.

Tilgjev oss og hjelp oss, for Jesu skuld.

6. Bønerop (KYRIE)

[M Marit Tesdal Hinze 2011/2017]

ALLE



Ky-ri-e e - le - i-son. Mis-kun-na deg o-ver oss. Kris-te e - le-i-son. Mis-kun-na deg o-ver oss. Ky-ri-e e - le - i-son. Mis-kun-na deg o-ver oss.

The musical notation is in G major, 4/4 time. It features a melody with several triplet markings over the notes. The lyrics are written below the staff.

7. Lovsong (GLORIA)

[M Magnus Beite 2017]

LITURG



Æ - re ve - re Gud i det høg - ste ...

ALLE

... og fred på jor-da blant men-nes-ke som Gud har gle-de i.

Vi lo-var deg, vi pri-sar deg, vi til-bed deg, vi opp-høg-ger deg.

The musical notation is in G major, 4/4 time. It features a melody with a triplet marking over the final notes of the first line. The lyrics are written below the staff.

Lo-va ve-re Gud, vår ska-par, vi jub-lar o-ver di-ne verk.

Vi lo-var deg, vi pri-sar deg, vi til-bed deg, vi opp-høg-ger deg.

Lo-va ve-re Je-sus, vår frel-sar, du vi-ser oss ve-gen til liv.

Vi lo-var deg, vi pri-sar deg, vi til-bed deg, vi opp-høg-ger deg.

Lo-va ve-re An-den, vår trøys-tar, du fyl-ler oss med gle-de og fred.

Vi lo-var deg, vi pri-sar deg, vi til-bed deg, vi opp-høg-ger deg. A-men.

II ORDET

8. Første lesinga – 1. Samuelsbok 2,₁₋₉

9. Salme nr. 452: "Du som styre"

[T Helge Stangnes 2005] [M Ivar Jarle Eliassen 2006]

1 Du som styre straum og vind utom øy og odda,
styr du straman i mitt sinn, så eg rette kursen finn
gjønna natt og skodda.

2 Peik ut leia på mitt draft når det bryt om grunnan.
Lån meg fliken av di kraft, hold di hand om skaut og skaft
så eg berges unna.

3 Du som ser mi veike tru, veit kor tidt eg tvile,
gje meg svaret på om du e den hjelpar som kan snu
angst og ank til kvile.

4 Still så stormen om min stamn, du som veit mitt beste.
Los meg mellom fallan fram til eg i di trygge hamn
finn mitt ankerfeste.

10. Andre lesinga – Efeserbrevet 1,17-23

11. Salme nr. 355: "Han tek ikkje glansen av livet"

[T Trygve Bjerkrheim 1950] [M Koral hjå Anders Arrebo 1627, omforma i svensk folkesong]

1 Han tek ikkje glansen av livet, den Frelsar som kallar på deg.
Fyrst då kan for alvor du leva når han får deg fylgja på veg.

2 Du høyrer dei dårande røyster som lovar deg gullglim og glans,
men ingen legg lys over vegen som Jesus og kjærleiken hans.

3 Han hjelper i brattaste bakkar og stør deg når vegen vert smal.
Han signar dei sollyse sletter og lyser i dødsskuggens dal.

4 Han fører deg frelst over fjorden, heilt fram til den himmelske strand.
Når døden sin brotsjø du møter, vil Jesus dra båten i land.

5 Han tek ikkje glansen av livet, han gyller din morgon og kveld
og opnar ei dør til dei salar der æveleg høgtid du held.

12. Evangelium – Johannes 17,1-5

[M Slavisk melodi]

ALLE Hal-le-lu-ja, hal-le-lu-ja, hal-le-lu-ja.

13. Preike

14. Truvedkjenning (CREDO)

ALLE Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne Son, vår Herre, som vart avla ved Den heilage ande, fødd av Maria møy, pint under Pontius Pilatus, vart krossfest, døydde og vart gravlagd, fór ned til dødsriket, stod opp frå dei døde tredje dagen, fór opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader, skal koma att derifrå og døma levande og døde.

Eg trur på Den heilage ande, ei heilag, allmenn kyrkje, eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene, oppstoda av lekamen og evig liv. Amen.

15. Salme nr. 98: "Din herlegdom, Frelsar"

[T Anders Hovden 1922] [M Norsk folketone]

1 Din herlegdom, Frelsar, me undrande ser,
for glansen av Gud i di åsyn du ber,
Guds Son, du åleine,
den heilage, reine,
av sanning og nåde i ord og i gjerd,
av æveleg kjærleike lyser di ferd!

2 Som havstraumen varm imot isheimen bryt,
din kjærleik, min Frelsar, til livet vårt flyt,
så vinteren rømer,
og hjarto dei blømer
og opnar sitt beger mot sol og mot vår
og tirlar som lerka mot himmelen klår.

3 Å, send oss din Ande i hustrande sinn
og fyll våre hjarto med kjærleiken din!
Oss lei gjennom verdi,
lys for oss på ferdi,
lat alltid vårt auga din herlegdom sjå,
så eingong av nåde me himlen kan nå!

16. Forbøn for kyrkja og verda

Salme nr. 86 [T David Welander 1923, etter Salme 72, 17] [M Fra Zulukirken]

1 Navnet Jesus blekner aldri, tæres ei av tidens tann.
Navnet Jesus, det er evig, ingen det utslette kan.
Det har bud til unge, gamle, skyter stadig friske skudd.
Det har evnen til å samle alle sjeler inn til Gud.

REFR. Navnet Jesus må jeg elske, det har satt min sjel i brann.
Ved det navnet fant jeg frelse, intet annet frelse kan.

2 Jesu navn! Hvor skjønt det klinger, la det runge over jord!
Intet annet verden bringer håp og trøst som dette ord.

For det navn må hatet vike, for det navn må ondskap fly.
Ved det navn skal rettferds rike skyte friske skudd på ny. (refr.)

3 Midt i nattens mørke blinker som et fyrlys Jesu navn,
og hver hjelpløs seiler vinker inn til frelsens trygge havn.
Og når solen mer ei skinner, Jesu navn, det lyser enn.
Da den frelste skare synger høyt dets pris i himmelen! (refr.)

Fadervår

ALLE Vår Far i himmelen! Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen.

III SENDING

17. Salme nr. 896: "Kvar gong Jesu namn"

[T Jakob Sande 1961] [M Roar Goksøy 2001]

1 Kvar gong Jesu namn eg nemner ser eg kvite segl mot sky.
Høgt velsigna skuta stemner mot Jerusalem, det ny.
Ankre der, ankre der, høgt velsigna gå med landlov,
gå med landlov høgt velsigna inn i livsens morgongry.

2 Kvar gong Jesu namn kjem til meg, kjenner eg hans broderhand,
og eg veit at alt han vil meg er å lose meg i land
til den stad, til den stad, staden som på berget lyser,
høgt på berget der han lyser mot den gyline himmelrand.

3 Namnet Jesus, fullt av nåde, denne enkle sjømannssong
dikta er i havsens våde på ei einsam vakt ein gong.
Rolling home, rolling home, heim frå sjø og stride stormar,
mønstre av til evig landlov,
mønstre av frå naud og trong.

18. Velsigning

Lovprising (BENEDICAMUS)

LITURG *Lat oss prisa Herren.*

Kyrkjelyden står.



KYRKJELYD **Gud ve-re lo-va. Hal-le-lu-ja. Hal-le-lu-ja. Hal-le-lu-ja.**

LITURG *Herren velsigne deg og vare deg.*

Herren late sitt andlet lyse over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred.



KYRKJELYD **A-men. A-men. A-men.**

Tre gonger tre bøneslag – stille bønn

19. Postludium

20. Utsending